



SULA KOMMUNE

## **ALLEMED – LIKEVERDIG DELTAKING**

#mittsula2019

*Open idèdugnad på Sula ungdomsskule 2. oktober 2019*

## **ALLEMED - Nasjonal dugnad mot fattigdom og utenforskap blant barn og unge**

Sula kommune har som visjon at vi «*skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen, med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet*». Frivillige lag og organisasjonar, som aktiviserar barn og unge gjennom organiserte aktivitetar, er kanskje den viktigaste bidragsytaren vi har i arbeidet med å gjere denne visjonen til ein realitet.

Det vert arbeidd godt i frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Svært mange barn og unge deltek i aktivitetar som fremjar meistring, tilhøyre og samkjensle. Verdien av dette arbeidet kan knapt overvurderast for den fysiske og psykiske helsa til innbyggjarane våre, og for at Sula skal vere ein attraktiv plass å bu.

Samstundes så veit vi også at alle ikkje har same moglegheit til å vere med i denne fellesskapen. Undersøkingar stadfestar at økonomi eller andre omstende gjer at ein god del barn og unge vel å ikkje delta. Ikkje fordi dei ikkje vil, men fordi dei ikkje kan.

Det er denne utanforskapen vi ville prøve å gjere noko med denne kvelden. Saman med ALLEMED, ein nasjonal dugnad mot fattigdom og utanforskap, brukte vi eit idédugnads-verktøy for inkludering, som dei har utvikla.

Kvelden vart leia av Elvane H. Sokoli, som er prosjektkoordinator i ALLEMED.

### **Desse deltok 2. oktober 2019**

Over 30 engasjerte møtedeltakrarar møtte opp denne kvelden, og utgjorde eit breitt utval frå frivillig sektor, det politiske liv, kommunetilsette og andre intresserte. Vi var veldig glade for det gode oppmøtet. Ordførar Jim Arve Røssevoll innleia kvelden, og leiar av Fagutvalet for kultur og folkehelse, Trygve Holm, takka av møtet.

Brei representasjon: Langevåg handball, Arbeidarpartiet, Sula frikirke, Kristeleg folkeparti, Ordførar, rådmann, Leiar og medlemmer Fagutval for kultur og folkehelse, Lions Langevåg, Langevåg

skyttarlag, Venstre, Fiskarstrand KFUK/KFUM, Sula kulturskule, Langevåg IL, foreldre, Langevåg IL fotball, MSIL fotball, Solevåg skulekorps, MSIL handball, Sula kommune, Sulalista, Høgre, Donken fritidsklubb, NAV Sula, Langevåg helsestasjon, Sula idrettslag, Langevåg skulekorps, Langevåg Røde Kors, Frivilligsentralen, var mellom dei som var med.

## **Gode erfaringar frå Sula kommune – kva gjer vi som er bra?**

Vi gjer mykje bra i Sula, som det går an å delta på. Mange nemnt, og heilt sikkert nokre glemt:

1. Frikirka tilbyr gratis aktivitet for barn og unge Baluba, Junior og UFO.
2. Aktivitetstilskot frå kommune til lag og organisasjonar ved rapportering om foreldre med betalingsvanskar.
3. Donken fritidsklubb, nesten gratis
4. Frivilligsentralen lånar ut utstyr til aktivitetar og har byttedagar.
5. Kajakkutlån ved Molvær- og Vassetvatnet. Gratis.
6. Kvitveisdagane, som også er ein introduksjon til aktivitetar
7. Skyttarlaget låner ut gratis våpen og skyttarjakke til rekruttar.
8. Solevåg skulekorps har fått med mange.
  - Gir færre dugnadar
  - Fellesskapen dekkar elevplassen i Kulturskulen to første år. Betaler berre medlemsavgift til korpset.
9. Røde Kors: BARK, RØFF – gratis for alle.
10. Kulturskulen har søskenmoderasjon
11. Langevåg skule har Kulturkarusell: breddetilbod frå kulturskulen til 3. klassingar.
12. Speideren: har medlemsavgift. Ingen lokale, men nasjonale tiltak. Leiger ut gratis kajakkar til sine medlemmer.
13. Langevåg idrettslag: ettergir treningsavgift/medlemsavgift for dei som ikkje klarer å betale. Sommartrening.
14. Biblioteket: Gratis opphaldsstad og utlån, Utlån i naturen, Barnebokskogen, Språkkafé
15. Salem: Nattkafé (gratis)
16. Fredagsklubb Fiskarstrand 5.-7. klasse (gratis)
17. Gratis halleie for treninger 5-16 år (-kampar og turneringar)
18. Coop Norge og Røde Kors samarbeider om å gi barn i lavinntektsfamilier muligheten til å delta i fritidsaktiviteter.  
Gratis halleie for treninger 5-18 år ( minus kampar og turneringar)

19. Open barnehage (gratis) Røde Kors samarbeid med kommunen
20. Blessing (2.-4.kl.), Bigbless (5. kl.-) og Babysong – Kyrkja
21. Handball/fotball gratis oppstart. Purrar ikkje fleire gongar.
22. Idrettslaget betalar lisensar for medlemmer der det er øk. utfordringar.
23. Gratis dansekurs for alle med spesielle behov
24. Alle med-midlar frå danseforbundet – dekt fly, opphold og mat ved konkurranser
25. Alle med-klubb (Sula idrettslag)
26. Laga søker støtte frå næringslivet for finansiering av aktivitetar.
27. Kommunen stiller med bank-/lånegaranti
28. Drømmefanger – hip hop-miljøet – gratis tilbod
29. Musikkbingen – gratis kommunal øvingsstad
30. Friheim kulturhus – eigd av musikkorpset og skulekorpsleiger for ein billeg penge

Korleis gjer vi desse tiltaka betre kjent?

### **Våre idéar:**

Under dugnaden kom vi fram til følgjande idéar, og vi tenker at dei kan realiserast på følgjande måte:

<b>KVA</b>	<b>KVEN</b>	<b>KORLEIS</b>
Aktivitetsmesse?	Lag og organisasjonar	I tilknytning til eit fast arrangement?
Fritidskort/aktivitetskort	Sula kommune – politisk sak	Må vere alment kjent, må gå gjennom person med teieplikt, lavterskel for å søke, enkel og ubyråkratisk, minimal stigmatisering
Asker-appen	Alle	Sjekke ut
Skulen og barnehagen som informasjonskanal?	Lag og organisasjonar	I samarbeid med skulen og FAU
Liste over aktivitetar med kontaktinformasjon	Organisasjonar i kvar skulekrets	
Ligg eit system på Sula kommune si heimeside for registrering. Bruk den!	Lag og organisasjonar	Registrere på Sula kommune si heimeside
Ha eit årleg møte om inkludering	Sula kommune	I samarbeid med lag og organisasjonar
Info via Brønnøysundsregisteret?	?	?
Sula kommune må lage lett tilgjengeleg og oppdatert info om alle GRATIS tilbod og alle støtteordningar.	Sula kommune og lag og organisasjonar	I samarbeid med lag og organisasjonar

Bruke sosiale medier aktivt	Sula kommune og lag og organisasjonar	
Informasjonen bør ligge overalt der folk ferdes		
Informasjon på fleire språk, samarbeid med flyktingeguidar/NAV	Lag og organisasjonar, Sula kommune, NAV	
Ein foldar som vert delt ut når barna startar på skulen. Det er ein arena som alle møter. Ev helsestasjon		
Barnevernet bør informere familiar med därleg økonomi. Mange har gratis prøveperiodar, slik at barna kan finne ut kva dei intresserer seg for.	Barnevernet	
Når lag og organisasjonar informerer om sine aktivitetar, bør dei gi tydeleg info om kva ein kan gjere om ein har anstrengt økonomi	Lag og organisasjonar	
Støttekontakter bør vere ei målgruppe for informasjon	Sula kommune	
Gratis busskort til alle barn som skal på aktivitetar. Får ikkje bruke skuleskyss etter skuletid.	Sula kommune/M&R fylkeskommune	
Må ha betre samarbeid mellom leirarar	Lag og organisasjonar	
Sula kommune bør ha tilgang til «Sportsadministrasjon» - eit infosystem som lageiarane i idrettslag har tilgang til		Med hjelp frå idrettslaga
Kick off – delte ut gratis (sponsa) handballar mm.	Lag og organisasjonar	
Få frivillige inn i SFO?	Lag og organisasjonar?	?
Arrangere open halldag på omgang	Lag og organisasjonar	Tilbod til ungdom, td på fredagskveldar
Meir samarbeid på tvers av organisasjonar	Lag og organisasjonar	
Ein dedikert kontaktperson i kommunen	Sula kommune, lag og organisasjonar	Samarbeide tettare – skape dialog
Spørje barn og unge kva aktivitetar dei ønskar seg	Alle	